SKS SUNNMØRE KONTROLLUTVAL-SEKRETARIAT

Møteprotokoll

Utval:	**Haram kontrollutval**
Møtestad:	Haram tenestehus
Dato:	21.11.2024
Tidspunkt:	kl. 14:00 - 15:30

Følgjande medlemmer møtte
Anne Lena Rishaug
Erlend Gaustad
Trond Seth

Forfall
Hege Kristin Natland
Åge Reidar Vikestrand

Møtande varamedlem
Magne Lundemo
Ottar Frode Austnes

Møtenotat
Frå Møre og Romsdal Revisjon SA deltok oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen. Kommunedirektør Anders Hammer var tilstade på delar av møte.

Kontrollutvalet bad kommunedirektøren om oppdateringer på arbeidet med eigarskapsmelding for Haram kommune og vedtaksliste frå kommunestyre. Kommunedirektøren svarte at eigarskaspmeldinga blir påbegynt i 2025 og forhåpentleg ferdig innan utgangen av året. Vedtakliste frå kommunestyret blir lagt fram for kontrollutvalet på deira neste møte torsdag 6. februar 2025.
Kontrollutvalet minte kommunedirektøren på at både finansreglement og økonomireglement skal vedtakast av kommunestyret i inneværande periode, jfr kommunelova § 14 - 2.

På neste møte i Haram kontrollutval torsdag 6. februar 2025 ønskjer utvalet å invitere kommunedirektøren til møte for å orientere om kommunen sine rutinar for varsling.

Trond Seth
Leiar

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

PS 27/24	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 28/24	Meldingar
MS 12/24	Aktuelle kurs i 2025.
MS 13/24	Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Revisjon SA 06.06.2024
PS 29/24	Revisjon- og kommunikasjonsplan 2024 Haram kommune
PS 30/24	Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027
PS 31/24	Møteplan 2025

PS 27/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Haram kontrollutval 21.11.2024

HKU 27/24 Vedtak:
Kontrollutvalet godkjenne innkalling, sakliste og møteprotokoll slik den ligg føre.

Behandling
Samrøystes vedteke.

PS 28/24 Meldingar

MS 12/24 Aktuelle kurs i 2025.

Haram kontrollutval 21.11.2024

HKU 12/24 Vedtak:
Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling
Haram kontrollutval ønskjer å prioritere FKT sin konferanse i juni 2025 og vil avklare dette seinare i eiga sak.

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 13/24 Protokoll frå årsmøte i Møre og Romsdal Revisjon SA 06.06.2024

Haram kontrollutval 21.11.2024

HKU 13/24 Vedtak:
Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Behandling
Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 29/24 Revisjon- og kommunikasjonsplan 2024 Haram kommune

Haram kontrollutval 21.11.2024

HKU 29/24 Vedtak:
Haram kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2024 til vitande.

Behandling
Oppdragsansvarleg revisor Linn Gunhild Pettersen gav kontrollutvalet ein presentasjon av plana og korleis arbeidde med revisjonen av rekneskapet 2024 skal løysast. Ho gjekk og gjennom dei ulike risikoområda.

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Haram kontrollutval tek framlagte revisjon- og kommunikasjonsplan 2024 til vitande.

PS 30/24 Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027

Haram kontrollutval 21.11.2024

HKU 30/24 Vedtak:
Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 for Haram kommune. Forslag til plan vert sendt kommunestyret med følgande tilråding til vedtak:

1. Haram kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 slik den ligg føre med følgande prioriterte områder:
    a. Personalforvaltning innan helse/omsorg
    b. Oppfølging av interkommunale samarbeidsavtaler

    c. Kvalitet i skulen
2. Kontrollutvalet får mynde til å gjere endringar i planen og prioriteringa om risikobilete for Haram kommune endrar seg i perioden.

Behandling
Sekretariatet presenterte arbeidet med plana og korleis prosessen er videre for vedtak i kommunestyret og seinare bestilling av rapport.

Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 for Haram kommune. Forslag til plan vert sendt kommunestyret med følgande tilråding til vedtak:

1. Haram kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon 2024 - 2027 slik den ligg føre med følgande prioriterte områder:
    a. Personalforvaltning innan helse/omsorg
    b. Oppfølging av interkommunale samarbeidsavtaler
    c. Kvalitet i skulen
2. Kontrollutvalet får mynde til å gjere endringar i planen og prioriteringa om risikobilete for Haram kommune endrar seg i perioden.

PS 31/24 Møteplan 2025

Haram kontrollutval 21.11.2024

HKU 31/24 Vedtak:

- torsdag 6. februar 2025
- torsdag 27. mars 2025
- torsdag 15. mai 2025
- torsdag 25. september 2025
- torsdag 27. november 2025

Møta starta kl. 14.00 og blir halde på tenestehuset i Brattvågen viss ikkje noko anna blir avtalt.

Behandling
Samrøystes vedteke.

Sekretariatet si tilråding:

- torsdag 6. februar 2025
- torsdag 27. mars 2025
- torsdag 15. mai 2025
- torsdag 25. september 2025
- torsdag 27. november 2025

Møta starta kl. 14.00 og blir halde på tenestehuset i Brattvågen viss ikkje noko anna blir avtalt.